

0,



## Referat FAU-møte nr 3, skoleåret 2024-25

Fellesrommet på Samnanger Barneskule 29/01-2024, kl 18:00-19:15

Møteleder: FAU leder Irmelin Bjørkmo

Referent: Sekretær Lars Vidar Tveit, fråvær. Referent i dag Ingrid Rondestveit

Inviterte: Foreldrekontakter ved Samnanger Barneskule + rektor og avdelingsleiar Ingebjørg

### Agenda:

**2024/25-17 Godkjenning av innkalling –**  
Vedtak: Godkjent, alle trinn er representert

**2024/25-18 Foreldremøte 19.02.2025 (kl 18:30 – 20:30, gymsal)**  
Sak: Barnevakten.no sin representant kjem og held eit føredrag om korleis opne den digitale verden for ditt barn? Få oppdatert fakta, bli utfordra, få nye perspektiv og hjelp til dialog og samarbeid. Sender ut invitasjon måndag 27.januar til alle føresette. Ber om at FAU representantar hjelper skulen til at mange føresette kjem og høyrer føredraget.

Referat:

Felles foreldremøte med «Barnevakten» 19.02.2025 (kl 18.30-20.30) i gymsalen.

Klassekontakter melder ut til kvar sine klassar om at «Barnevakten» kjem, oppfordrar alle føresette til å koma. Skulen gjev ut ei påminning 1 veke før arrangementet.

Det kostar kr 6000,- for denne førelesinga fordi me ikkje er medlem av Barnevakten. Skal me vurdere å bli medlem? Kva er medlemsprisen? FAU leiar undersøker dette til eit seinare møte. Førelesinga kjem på halveprisen og det er andre goder og for å bli medlem av Barnevakten. Meir info og tilbud på barnevakten.no. Barnevakten skal snakka om skjerm og nettvett. Dei er her for å informera, ikkje skemma.

Me kan ikkje skjerma oss for det som skjer på den digitale plattformen. Me treng difor eit godt heim/skule samarbeid for å hjelpa elevane til å meistre utfordringar dei møter i sin kvardag. Det kviler eit stort ansvar på føresette, men skulen vil sjølvstendig og gjera sitt for å skapa gode haldningar knytt til bruk av digitalt verktøy.

**2024/25-19 Løypemelding om Grendahagen.**

Referat: Grendahagen ligg oppe ved Hagabotnane, følg stien innover elva som du finn heilt til venstre over fotballbanen. Skulen og næringsutviklar J. Mathissen er i dialog med samarbeidspartnar i høve arbeidsteikningar, søknader og innhente tilbod på material. Teikning av gapahuk er under arbeid. Blir teikna slik at ein kan bygge på gapahuk om ynskjeleg Prosjektmidlane som var sett av i kommunestyret har ei førebels ramme på kr 200 000,-. Me held på denne framdriftsplanen:

Starte med grunnarbeid på Grendahagen til våren. Kallar inn til eige FAU møte før oppstart. Etter oppstart og konkret framdriftsplan ligg føre, set FAU opp dugnadslister på oppgåver som skal løysast på dugnad.

2024/25-20

### Løypemelding uteområdet til skulen

Referat: Skule og føresette har i mange år hatt eit ynskje om å få laga ein heilskapeleg plan for uteområdet til skulen. Dette er noko som manglar. Etter grundige prosesser på skulen, der elevar og tilsette har fått kome med innspel, har skulen no fått tilsendt eit utkast til korleis uteområdet til skulen kan sjå ut. Skulen har støtta seg til Lekeplasshjelpen for å få teikningar. Det er eit firma kommunen har brukt til td godkjenning av leikeutstyr i kommunen. Firmaet har laga utkastet til områdeplan gratis. Vegene vidare no er fylgja opp med elevinvolvering – tilsette og føresette. Vårt mål er at me skal ha ein omforent plan for uteområdet som me kan nytta ved td søknad om pengestøtte og til framtidige investeringsbudsjett som skal til kommunestyret for handsaming. Målet er å få til ein attraktiv og kjekt uteområdet som alle kan nytta, anten det er i skuletida eller på fritida.

Det ligg ikkje føringar på at skulen skal verta ein 1-10 skule.

Gladnyheit: Det er vedtatt midlar til nytt lyd/lys anlegg + skjerm i gymsalen (ref vedteke budsjett 2025). Anbud er sendt ut, det gjenstår berre innkjøp og montering. Me ser og på ei løysing med å tette vindauga i salen.

2024/25-21

### Drøfta resultat Nasjonale prøver haust 2024

Sak: Nasjonale prøver vart gjennomført på trinn 5, september 2024 i lesing, rekning og engelsk.

Referat:

År	Engelsk	Lesing	Rekning
22-23	44	47	45
23-24	45	41	45
24-25	50	44	46

2024-2025	Engelsk	Lesing	Rekning
Gutar	50	46	47
Jenter	49	43	46

Her er ein oversikt over resultat Nasjonale prøver for barneskulen dei tre siste åra. De finn alle resultat på Udir.no. Her kan ein og samanlikna seg med andre kommuner. Me ser ei kurve som går oppover på alle fagområda. Det gler oss. Engelsk gjer me det godt i. Noko av forklaringa kan vera dei digitale spela og andre digitale plattformer/filmer/seriar etc som elevane nyttar i dag. Men me held framleis fast i at elevane må bli betre lesarar. Til det arbeidet krevst det godt heim/skule samarbeid.

2024/25-22

### Drøfta resultat Elevundersøking haust 2024

Resultat her: <https://www.udir.no/tall-ogforskning/statistikk/elevundersokelsen/>

Mobbing på skolen – Alle indikatorer – 7. årstrinn

Spørsmål	Samnanger kommune	Hele landet
Mobbing på skolen	6,7%	12,3%
Er du blitt mobbet av andre elevar på skolen de siste månedene?	6,7%	10,4%
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene?	*	4,1%
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene?	0,0%	2,2%



Trinn 7 sine resultat (trinn 7 har obligatorisk deltaking). Samnanger barneskule vel og at trinn 5 og 6 og deltek på undersøkinga. Gjennomføring: alle elevar sit på si maskin og får utdelt eit passord. Lærar les opp eitt og eitt spørsmål. Men me utelukker ikkje at elevar misforstår både ord og meining med spørsmåla. Me ser at elevane våre trivst på skulen og dei oppleve god støtte frå både tilsette og føresette. Elevane våre oppleve og stort sett eit trygt og godt skulemiljø. Mobbetala er høgast på trinn 5 og lågast på trinn 7. Trinn 7 har ein prosent på 6,7% medan landet ligg på 12,3%. Altså noko lågare enn landet for øvrig. Skulen vil sjølvstøtt nytta tala til å undersøke og prøve finne ut det som ligg bak tala. Det arbeidet pågår kontinuerleg, i tett samarbeid med heimane. Elles vil skulen arbeida med temaet arbeidsro og læringstrykk/mesitring. Aktive elevar og nytta ulike læringsarena (jmf LK20) krev mykje av både tilsette ogelevar. Men me har som mål å bli betre på dette framover.

2024/25-23

### Trafikk situasjonen knytt til hente elevar etter skuletid.

Buss – taxi sone. Sak som vart teke opp haust 2024 på eventuelt.

Referat: Det er lov å ta av/påstigning ved ein bussstopp. I dialog med eigar av drosje i Samnanger, endrar skulen av/påstigning for elevar som nyttar drosje som skyss, til Steinslandssida, ved ballbingen. Det er eit roleg område med omsyn til trafikk og kan avlaste område nede ved bussstoppen. Elevar som får drosje av medisinske behov, er av/påstigning i hjartesona. Skulen sender ut Visma melding på denne endringa, torsdag 30.01.2025.

NB! Foreldre som må henta/levera elevar nyttar framleis busstoppen. Oppfordrar sjølvstøtt til at elevar som kan gå/sykle til skulen gjer det.

2024/25-24

### Eventuelt

Utkast til skuleruta blir lagt fram og er den skuleruta som Fylkeskommunen nyttar. FAU har høve til å uttale seg og sende inn høyring, frist 9.02.2025.

Vedtak: FAU sender inn høyring om å fylgjande endring: Ynskje er at elevane byrjar to dagar før, dvs 14.08. Grunngevinga er at elevane får ein mjukare start på skuleåret med to dagar, så helg. Denne endringa medfører at elevane sluttar to dagar før, dvs fredag 19.06.2026. FAU set stor pris på at SFO er ope om sommaren og berre stengt tre veker (lik som barnehagane). FAU leiar sender inn høyring på vegne av FAU.

Elevane ynskje halda fram med FLL prosjekt. Påmelding er i april månad. Elevane skal bli høyrde om dei ynskje vera med neste skuleår. Rektor jobbar med å skaffe ekstra midlar til eit slikt prosjekt. Vikar Kristoffer Kvamme har eit opplegg med lego kvar fredag for elevar på 1.-4.trinn (gruppevis). Me har sett opp eit legobord ved kunst&håndtverksrommet. Her kan elevar få boltre seg med å byggje og køyra med lego.

Skulen har ute annonse om ledig avdelingsleiarstilling, søknadsfrist 16.02.2025. Skulen ynskje ei organisering med to avdelingsleiarar som har undervisning. I dag er ordninga at avdelingsleiar har 100% administrasjon.